Uskedelingar på musikksommarskule på Karmøy.

16.08.2017

Frå den flotte avslutningskonserten i Tysværtunet kulturhus.

Sist veke, frå 7. til 12.august, arrangerte UNOF Rogaland musikksommarskule på Karmøy. Mellom dei 78 deltakarane i alderen 8-19 år var det tre uskedelingar. Det var Saima Kristine L. Døssland(fiolin) og brørne Nils Rainer(euphonium) og Nikolai Vågen(fiolin). I tillegg var det tre andre unge lovande fiolinistar frå Kvinnherad.

UNOF(De Unges Orkesterforbund) Hordaland arrangerer kvart år eit tilsvarande kurs på Sunnhordland folkehøgskule på Halsnøy. Den var veka før, og Nikolai var også¨med på den sommarskulen. Den vart avslutta med konsert i Grieghallen.

På ein slik sommarskule er det sjølvsagt mykje speling. På timeplanen er det både orkesterspel, ensemblespel, kammermusikk og valgfag i tillegg til individuelle timar med svært dyktige lærarar. På Karmøy var det 12 lærarar på ulike instrument. I tillegg var det 10 frivillige foreldreleiarar og andre frivillige hjelparar for å få arrangementet i hamn. Det var huskonsertar kvar kveld der dei opptredde for kvarandre, og det var konsert på Maritim utescene før den innhaldsrike veka vart avslutta med stor avslutningskonsert i det flotte Tysvætunet kulturhus. Dette var ei storveis og imponerande oppleving i følgje dei som var til stades på førestillinga som hadde tittelen 'Fra vugge til grav - musikk for livet'.

Desse 6 ungdommane hadde ei flott og inspirerande veke på Karmøy: Hanna Eikeland(f.v.), Mari Tveito, Saima Kristine Lomheim Døssland, Hanna Heshmati Rød, Nikolai og Nils Rainer Vågen.

I tillegg til at slike sommarskular gjev deltakarane eit solid musikalsk løft, er den inspirasjonen som dei reiser heim med særs viktig for vidare øving og utvikling. På samlingane er det også lagt stor vekt på sosiale aktivitetar og deltakarane knyter vennskapsband til andre ungdommar med musikkinteresse.

For å oppnå denne sosiale gevinsten har dei gode pauser og tid til masse anna kjekt. Av aktivitetar i tillegg til kveldsprogramma nemner vi kanonball, fotball, bordtennis, biljard, kortspel og mange andre aktivitetar. Bading høyrer med på ein slik sommarskule, og jammen var det mange som bada også i år.

Musikk er ein kunst som krev tolmodig øving over tid. Derfor er insputten frå slike samlingar eit viktig middel på vegen. Alle dei 6 kvinnheringane som var på Karmøy, er elevar i Kvinnherad kulturskule. Dei fem fiolinistane spelar i strykeorkester i tillegg til den individuelle undervisninga dei får. Nils Rainer spelar i Uskedal skulemusikk i tillegg til at han er elev i kulturskulen. Eg spår at dei 6 får mykje glede av musikken framover. I tillegg vil dei glede oss som publikum med musikken sin.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Bjarte Døssland og Anja Strüter.